Vestmannen.

Nr. 10 Bergen, 10. desember 1991 7. årgang

STJERNOR

kann ikkje
rekkja åt dei

frå mi døkke
bergrivna

kann berre sjå dei fara
millom skuggeskyer

men dei varlåtne
blinde trei
høgt uppe i ufsene
trivlar etter dei

og les løyndomen deira
med bivrande fingrar

ei einaste ei
gjev meg von

ei eg ikkje kann sjå
og ingjen hev sett
på tjuge hundrad år

løyndomen hennar
trivlar eg etter
med bivrande fingrar

tekst og teikning :

Gunnar Gilberg

Trong og open lesestrek

I stykket um trong og open lesestrek i nr. 8 kom eg til å bruka ordet *trong* til døme på ord med trong *o*. Det hev kome motmæle, og dømet var ikkje vel gjenomtenkt. Ordet hev vanleg open segjemåte i målføri. Aasen fører upp (Norsk Ordbog) uttale *traang* med tilvising til gamalnorsk *thröngr*.

Eg viser elles til innlegget frå Sigurd Sandvik. J.Kr.

Opne og tronge vokalar

Til stykket om opne og tronge vokalar har eg ein merknad:

I mitt målføre har me open vokal i *tròng* og trong vokal i *ópen*, so underleg det visst må høyrast for ein frå søre Sunnmøre. Det kunde vore moro å få røkt etter kor langt desse målmerki går. Det er vel heller vanleg at vokalen vert stutt og open framfor dubbel konsonant. Eg trur at trong vokal i *open* likevel er meir sjeldhøyrt. Ordet *op* n. har lang og trong o i Suldalsmålet. Det er truleg grunn til ikkje å bruka aksent i desse ordi; so kan folk uttala dei som dei vil. I Suldalsmålet har me trong ó i *orm* - nett som i *ost*. (Der har nokon i Sogn *òst*!) Me har òg trong ó *i óg* (ogso); men det skriv eg alltid med open ò.

Hjarteleg helsing.
Sigurd Sandvik

Tankekorn

Meistaren lét roleg farisæar tru og sadusæar neite uppstòdo, og han sagde ingen ting til romarhovdingen som trudde på Jupiter, eller til Pilatus som trudde på inkjenoko; og i det han sagde til Kananæakvinna var der ikkje so mykje som eit spursmål um ho trudde på Molok eller Astarte. Til alle våre kloke meiningar hev Vårherre knapt anna enn ein smil.

Arne Garborg
(i «Den burtkomne faderen»)

Salme av **Kolbein Tumeson**

Umsett av **Bernt Støylen**

Mangslungne Olaf Hanssen (1883-1949) gav i 1928 ut Norrøne kristenkvæde. Eit utval « (Samlaget). Fyrste kvædet i utvalet er ein salme av Kolbein Tumeson, umsett av Bernt Støylen. I Nynorsk Salmebok er Støylen-teksti ubrigda slik ho skal vera og slik ho er attgjevi her. I Norsk Salmebok hev einkvan derimot vore ute og rota med teksti, um ikkje på det aller verste. Me tek med innleidingi til salmen, slik me les innleidingi i utvalet til Olaf Hanssen:

«Kolbein Tumeson var ein islandsk hovding og skald. Han var ein hardsett mann av det gamle hovdingslag. Han vilde ráda seg sjølv, og ikkje vita av det verdslege rádvelde som bispen og kyrkja hdde fenge. Det vart ein hard strid millom han og bispen i Hólar. Kolbein og hans menn vart fanga og sette fast på Hólar Krossmesseaftan 1208. Um kvelden sa mennene hans at no høyrde dei kyrkjeklokkone på Hólar ringja inn helgi. Kolbein kunde ikkje høyra det, og dá skyna han at dauden nærma seg. Dá dikta han dette kvædet. Det er ei inderleg bøn til Gud um hjelp. Det hev vore sagt at i dette kvædet høyrer me for fyrste gongen den hjartegripande kristne tonen klinga i det norrøne målet.

Målet i umsetjingi er lagt nær til vårt noverande salmemål.»

Himmelskapar, høyr,
bøn av den som døyr!
Kome náden din
mildleg til meg inn!

Difor bed eg deg:
Du hev skapa meg,
eg er drengen din
du er drotten min.

Gud, no bed eg deg
at du grøder meg,
hugs meg, Herre mild,
deg eg mest treng til.

Du som med di hand
stjernor styra kann,
driv ut kvar ei sorg
or mi hjarteborg.

Herre, hjelp du meg,
mest eg treng til deg
i mi tyngste tid
og i daudens strid.

Jesus, møyar-son,
send ei fager von,
all di hjelp, din fred,
i mitt hjarta ned!

Vestmannen

takkar lesarar og alle andre vener for 1991 som frå vår synsstad hev vore eit år i framgang. Me ynskjer ei god jol og eit godt nytt år.

Vestmannen.

Vestmannen kjem med 10 nummer i året
Bladpengar kr. 150,- for året
Studentpris kr. 100,-

Kan tingast på poststader og beint frå forretningsføraren eller bladstyraren

Postgiro: 0802 4 25 63 92
Bankgiro: 8401.21.43027

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen
Telefon (05) 317929/313116

Bladstyrar:
Jostein Krokvik
6143 Fiskåbygd
Telefon (070) 21 429

Forretningsførar:
Helge Liland
Midgeilen 16
5067 Store Milde
Telefon (05) 99 15 25

Prenta hjå:
Nytrykk
6143 Fiskåbygd
Telefon (070) 21 307

Rettskrivingsfred?

Norsk språkråd ligg det framlegg um grunnleggjande uppmykjingar i tradisjonell norsk leid for nynorsk skulemål. Liknande krav hev vore uppe i Norsk språkråd tidlegare, og det nye no er at kravi kjem både frå målungdom og eldre målfolk. Dermed er ei av siste store hildringane til målreformistane knust; dei var visse på at slike målkrav vilde døy ut med den ættleden som var i si velmakt for 50 år sidan.

I grunnen trur me at dei fleste som sit i fagnemndi i Norsk språkråd no hev skyn for dei framleggi som er innkomne. Um fleirtalet tek fylgjone av dette, fær tidi visa. Bokmålssida i Norsk språkråd tok dei tilsvarande fylgjone for snart 20 år sidan.

Eit nei frå Norsk språkråd, vil me rea berre for ei utdrygjing. For me hev ingi tru på at det vert nokon fred um nynorsk skulemål slik dette målet er no. Regelløysa og dei uturvande regelbroti er for skrikande. Og mange spør med rette kvifor skulen i det heile skal ofra tid og strev på eit offisielt nynorsk blandingsmål som i 50 år hev avnekta nett dei norske sermerki som skulde gjeva målet livsskraft og livsrett.

Den færøyske og den norske skriftmålssoga er ikkje reint ulike. Røynslone heller ikkje. Eit hovudskilje er at i Noreg tok statsmakti til med skrift-målskonstruksjon og sette statsdiktat i staden for ei rimeleg fri skriftmåls-utvikling. Slikt er ukjent både på Færøyane og andre stader utanlands. På Færøyane fekk dei sitt mykje etymologiske skriftmål med mållæra til Hammershaimb i 1854. Hammershaimb var ikkje fagfilolog. Det var derimot Jakob Jakobsen som kring 1890 vilde prøva med ei skriftform som var meir ortofon - fonetisk ljodrett etter munnleg tale. Jakobsen var ein gjæv og høgvyrd mann, sers mållærd; han gav ut verdfulle verk, m.a. um det norrøne målet på Hjaltland. Men rettskrivingsfreistnaden hans frå 1890 førde til eit ustanseleg målkjekl på Færøyane, som braut ned Føringafelag og ei tid svimeslo færøysk målreisingsarbeid. Frå 1895 prøvde dei med eit kompromiss millom Hammershaimb-mål og Jakobsen-mål, ei målform som dei kalla «broytingin». Men det gjekk slik at Hammershaimb-målet vann fram att. Sistpå var Jakobsen åleine um å bruka «broytingin». Sidan vart det fred um det etymologiske Hammershaimb-målet.

Dette skulde språkrådsfleirtalet ha i tanke. Viser Norsk språkråd endå ein gong frå seg norskmålskravi, er det ikkje noko nytt. Men i slikt fall trur me kravi kjem atter og atter so lenge norsk mål og medvitne målfolk finst.

For dagsens offisielle nynorske skriftmål ber etter vårt skyn i seg kimar til endelaus ufred, til målet anten slitst i fillor og gjeng til grunnes - eller vert bøtt.

J. Kr.

Skifter NMU namn?

Norsk Målungdom dryftar namneskifte for ungdomssamskipnaden. Der er ymskje um å taka namnet **Noregs Målungdom.** Tidleg på 70-talet vart det noverande namnet valt som eit slag kompromiss millom «Noreg og Norge», men det er tvilsamt um grunnane frå den gongen finst att i dag. Noreg-namnet er snarare eit flagg-ord no. I EG nr. 5 bed NMU um framlegg både på nytt namn, ny logo (kjennemerke) og ny hovud-parole. Merkeordet hev lenge vore «Snakk dialekt, skriv nynorsk». Berre landsmøtet kann gjera bindande vedtak um namnebyte.

Gåvelista for Vestmannen

Eng. Eikeland, Minde, 100,-. Øystein Færøyvik, Solheimsvik, 200,-. Dag Hagen Berg, Oslo, 100. Askild Horneland, Stord, 50.-. Inger Indrebø Eidissen, 1700,-Knut Kaldhol, Ålesund, 150,-. Knut Rysstad, Kristiansand, 500.

Hjarteleg takk til gjevarane!

VESTMANNEN
Helge Liland
Midgeilen 16
5067 Store Milde
Bankgiro: 8401.21.43027
Postgiro: 0802 4 25 63 92

Vestmannalaget

Torsdag 16. januar kl. 19 på Bryggens Museum: Vestmannalagsformannen Leidulv Hundvin talar um diktaren Aasmund Olavsson Vinje. Elles vanleg program.

Bladpengar 1992

Me minner um postgirokortet som fylgde med nr. 9. Det er mangt å hugsa på no i desember, men vonleg hugsar lesarane våre bladpengar for 1992. Ei årstinging kostar framleis kr. 150,-; for elevar og studentar hev me serpris på kr. 100,-. Kanskje er ei Vestmannen-tinging ei brukande jolegåva til rette mottakarane?

Ny namnebok

Olav Veka:
Namneboka
Samlaget 1991

Olav Veka fortel at han hev skrive den nykomne «Namneboka» m.a. for å freista snu den sterke straumen av utanlandske fyrenamn som som fossar på oss. Det er ein rosverdig tanke. Og det hev vorte ei fin bok, høveleg augefangande i bokhandlarhyllone, rimeleg stor med sine 175 sidor luftlege sidor, og lett å finna fram i for den som leitar og les.

Kring 3000 namn hev Veka med. Han hev lagt vekt på å få med dei aller fleste norske namn med norrøn bakgrunn, fortel han, men elles hev boki med namn som etter kvart hev vorte meir og mindre vanlege her til lands, same kva upphav namni hev. Under kvart namneuppslag finn me upplysningar um kvar namnet ættar ifrå, so langt det hev vore råd å segja noko visst um dette.

Boki er soleis ikkje normerande på annan måte enn at ho er upplysande. Og upplysing er ofte like verknadsfullt som peikestokk. Nokre råd til foreldre kjem Johan Veka likevel med. Gode råd, tykkjer eg, um uppkalling, bruk av medienamn (som greider seg godt utan norsk foreldrehjelp), skrivemåtar m. m. Her er med namnestatistikk, bolkar av namnelovi, litt um samiske og finske namn, og litt um innvandrarnamn. Innvandrarar må, til liks med nordmenn, tilstørast å halda på eigne namneskikkar, hevdar Veka, som fortel at i tidbolken 1980-82 fekk 46 guteborn namnet *Mohammad* (den høgt lova). Andre namn frå arabisk kulturkrins er t.d. *Ali* og *Achmed/Akmed.*

I serhøve kann Justisdeparte-mentet nekta å godkjenna fyrenamn. Det hender sjeldan. Millom gjentenamn som departementet hev sagt nei til, er *Kiss, Musa* og *Røy.* Millom gutenamn er t.d. *Dynfjæder, Fnorre* og *Gnomen.* Sume vil nok meina at namnereglane kunde vera strengare, serleg for namn som må verta til byrde for beraren.

Namneboki til Johan Veka er den største av dette slaget i landet. Ho er meint å vera både ei hjelpebok for foreldre og ei meir ålmenn uppslagsbok, og ho fyller båe siktemåli på ein god måte. Den som vil djupare i norrøn namnesed, fær gå til «Norderlendske fyrenamn» av Eivind Vågslid.

Jostein Krokvik

Ungdomsdraumen

Av Sigurd Sandvik

For nokre år sidan kom eg til å sjå ein film som heitte noko slikt som «Riddaren frå la Mancha». Fyrst tenkte eg: Dette må då berre vera ein vill farse. Men etter kvart som hendingane skreid fram yver leretet, tok det til å minna seg - um ein riddar eg visst hadde nemnt kvart år i boksogetimane på folkehøgskulen; Don Quijote heitte han, og var hovudperson i ein renessanse-roman av den spanske diktaren Servantes, som levde kring år 1600. Det var denne ynkverdige (bedrøvelege) riddaren som kjempa imot vindmyllor, og syntest gå imot all fornuft. - Han visste nok kva han gjorde, Welhaven, då han brukte denne dåren i eit spottedikt til Wergeland: «Hvor lenge vil du rase mot fornuften? Hvor lenge svinge donquijotisk spær?»

Don Quijote hev forlese seg på riddarromanar um store heltar, som var so på mode i sein-millomalderen. Han trur at han sjølv er ein slik riddar, og vil verkeleggjera den fantasiverda han hev lese seg til. - Eg tenkjer det hev funnest folk til alle tider som hev freista seg på det - . Don Quijote leitar fram og pussar upp nokre rusta våpen etter tippoldefar sin. Den gamle, magre og salryggja arbeidsøyken sin nemner han ut til stridshingst, og gjev han det stolte namnet «Rocinante». Og grytidleg ein morgon, før folk er uppe, rid han ut gjenom ein port i bakgarden.

Riddaridealet hev han klårt for seg: Han skal strida for det som er rett, alltid verna den veike, og aldri vera redd for sitt eige liv. Han gjer tri ferder, som alle endar med audmykjande nederlag. Han ser noko anna enn det som verkeleg er, i det han møter. Difor slæst han mot vindmyllor og vinsekker. Han ser noko større og edlare i dei menneske han møter, enn det dei er. Han fortel dei um ein gullalder som hev vore, og som skal vinnast att. Med seg på den andre ferdi hev han bonden Sancho Pansa, ein stuttvaksen, stormaga og jordnær kar, på mange måtar motsetningen til den høge, radmagre Don «Quijote. Ved å lata desse tvo motsetningane rida i lag, den eine romantikar, den andre materialist, fær Servantes syna oss tilværet set frå tvo ulike synsstader. Dei kastar ljos yver kvarandre, desse karane. Og det som meir er: dei hjelper kvarandre til ein sjeleleg vokster.

Me skal ikkje gå inn på alle dei dramatiske hendingane dei kjem uppi. Men på tridje ferdi møter han si hjarte-dame. Ei slik må alle riddarar hava. Det er ei fatig bondegjenta som kjem ridande på eit esel. For Don Quijote er ho den fullkomne idealkvinna, som han gjev det velklingande namnet Dulcinea, og kastar seg på kne for. Gjenta trur han vil driva ap med henne; storskrattande rid ho ifrå han, og let han liggja att i vegskiten, forvirra og vonsviken.

Hev du lese soga og freistar fortelja henne att, vil folk seia: Kva er no dette for noko rols? Men noko må det vera med denne riddaren som hev levt i snart 400 år, og vore emne for teater, film, opera og ballett, - og dertil vore mønster for nyare romanar.

Don Quijote ser det sjølv til slutt, at det er ei rolla han spelar, ei rolla som set strenge krav, men som òg gjev æra um han spelar godt. - Soleis skal alle ein gong leggja av maskone. Det er ein heilt annan Don Quijote me møter mot slutten. Men kjernen i han er den same. Idealet hev han ikkje svike. Og livet hans hev ikkje vore burtkasta. Gjenta på eselet vart Dulcinea, for ho var det i fantasien til Don Quijote. Ho vart ei onnor etter det møtet; det vart ei berekraft i henne. Til slutt leitar ho seg fram til den døyande Don Quijote, som ser sin eigen ufullkomenskap og er teken til å tvila på um han hev vore i tenesta for det gode. Dulcinea vert provet på at han ikkje hev levt til fånyttes.

Og soleis er det med denne ynkverdige riddaren: I folkeaugo er han ein dåre fordi han trur på underet, på livsmakter utyver alt som er rimeleg. Men når alt skal gjerast upp, vert han ein klok dåre. Det er reisingskrefter nedlagt i alle menneske, berre me kan vekkja dei; for alle er skapte etter Guds bilete.

Skal tru um ikkje nokon kvar kan kjenna seg att i Don Quijote. Christopher Bruun seier ein stad: « - ja, om man så skal gå som et spetakkel gjennem livet for sin kjærlighet til ungdomsdrømmen, så er den det værdt».

Sigurd Sandvik

Eesti Vabarik

Ordet *Eesti Vabarik* i stykket til **a.h.** i nr. 9. s. 7 hev sume stussa på. Det er namnet på staten Estland 1918-1940 og frå mai 1990. Det tyder Den estiske fristaten dvs. republikken. På Færøyane heiter republikk *tjódveldi,* på Island *lydveldi* (folkevelde).

Herodes - kven var han?

Flestalle i vår kulturkrins kjenner namnet Herodes den store. I jole-evangeliet heiter det at han let drepa alle nyfødde guteborn i Betlehem, men sogefolk tvilar på um slike barnemord vart sette i verk. Skildringi her er umskrivi frå færøymål, og til grunn for teksti ligg ei utgreiding av mag. scient. Inge Dam.

Då Jesus var fire år gamal, fem eller seks år fyre vår tidrekning, stod Herodes ved enden av livet sitt. Dette fortel soga um hendingane for kring 2000 år sidan, slik me møter dei i joleevangeliet. I 30 år hadde Herodes styrt landet. Han var *jødekongen.* No var han daudsjuk. Sanseverket hadde tapt seg so mykje at han var herja av sjukleg mistru mot alle som kunde tenkjast å vera ute etter makti hans.

Mistruisk og blodtyrst

På den siste lega lukkast det for Herodes å gjera det av med eldste son sin, og dette var berre ei av dei fælslege ugjerningane hans. Serleg dei ti siste livsåri var Herodes ein hjartehard styrar, blodtyrst og blodsulka.

Miskunnsløysa og mistrui hans i alderdomen nørde m.a. segnene um at hermennene hans skulde ha sett i verk barnemordi fåe dagar etter Jesus var fødd. Desse påtenkte barnemordi hadde samanheng med at tri vismenn fortalde Herodes at ein jødisk Messias var komen til verdi.

Alle guteborn under tvo år -

På denne tidi såg mange jødar fram til at ein frelsar - ein frigjeringsmann - skulde koma. Han skulde frelsa dei - fria dei - frå framandvelde. Då Herodes høyrde at ein frelsar var fødd, vart han so skræmd at han gav bod um å drepa alle guteborn under tvo år i Betlehem. Dette segjer Bibelen.

Sogelærde no meiner at same kor ofte barnemordi er skildra på kunstverk, so hev dei aldri vore gjenomførde i røyndi. Like fullt fortel denne segni noko um umdømet til kong Herodes. På hi sida nemner ikkje soga at det i grunnen lukkast for Herodes å halda uppe freden i Judea den tidi han sat med makti.

Umvend til jødedomen

Herodes var fødd i året 73 f. Kr. (etter vår tidrekning) i Idumea sunnanfor Jerusalem. Landebeltet hadde nett vorte innlema i Judea, og folket vart nøguvernør) i Idumea.

Faren var av arabisk ætt, og han hadde teke ved jødedomen tett fyrr Herodes vart fødd. Men ikkje nok med det. Mori var sameleis arabisk - meir høgætta. Difor rekna jødar i beste fall Herodes for ein halvjøde - han var ikkje heilt stoverein millom rett-truande.

Det var i styringstidi til Cæsar at Herodes, 25 år gamal, vart utnemnd til landshovding (guvernør) i Galilea. Landet hadde vorte jødisk kring hundrad år tidlegare; her var grøderikt, men folket var uppreisthuga og trådde etter sjølvråderett. Dei gamle jødiske ættene kring Jerusalem vanvyrde bråkmakarane i Galilea.



Endå var det ein ting som både galilearane og folket i Jerusalem var samde um. Det var illviljen mot Herodes. Han fekk straks folket imot seg då han drap ein flokk uppreistmenn som prøvde fara yver grensa til Syria.

Ny samanslutnad

Etter mordet på Cæsar i året 44 f. Kr. heldt Herodes seg til Marcus Antonius som styrde riket saman med Octavian, fostersonen til Cæsar. Keisar Antonius hadde styringi i austparten av Romarriket, og han sette Herodes til konge yver heile Judea - utan umsyn til til at det lenge sat ein konge i Jerusalem, som endåtil var av høgre jødisk ætt.

Romarane hjelpte Herodes til å vinna landet. Striden um makti enda i eit massedråp, der romarane vilde røva templet i Jerusalem. Herodes greidde då å hindra sjølve tempelranet med å lova romarane pengar or eigne lummor i staden. Han hadde so mykje til gangsyn at han skyna han aldri kom til å få fred med jødane um han hadde late romarane vanhelga templet.

Cleopatra på ferde

Var det deretter tvo som stod saman i romarpolitikken, so var det Herodes og Antonius. Slik Herodes såg det, hadde Antonius berre ein brest, og det var Cleopatra, den egyptiske dronningi. For keisar Antonius hadde yverteke henne etter Cæsar, både til politisk sambandsven og til frilla.

Cleopatra hadde lyst på nokre av jordeignene til Herodes. T.d. var det nokre underfulle daddelhagar ved Jeriko, der det voks palmar med frukt som gav umframt god vin. På same kanten var det lundar tilplanta med balsamtre, og herifrå kom det velangande salvar og luktelse. Desse eigedomane fekk Cleopatra med velsigning frå Antonius, slik ho dessutan litt etter litt tuska til seg heile den judeiske strandlina. Herodes skreiv seinare i eit brev at han vilde ha henne drepi, men at ho på sin kant freista lokka han i seng. No vart det korkje det eine eller det andre av det, for både Herodes og Cleopatra hadde eit serumsyn å tenkja på, og det var å tryggja venskapen med Marcus Antonius.

Ufred i heimelivet

I Herodes sin eigen heim var det ei kvinna som stod i løynleg samband med Cleopatra. Det var vermor til Herodes, Aleksandra. Dotter hennar, Mariamne, skulde vera sers vakker, og Herodes heldt mykje av henne. Likevel fekk han yngste bror hennar drepen, då han kom på øvsteprestplassen.

Dette var det fyrste mordet i huslyden som Herodes lyt taka skuldi for. Vedskiftet med vermori og Mariamne vart verre og verre. Herodes si eigi syster nørde upp under usemja best ho kunde.

Keisar Augustus

Kring 30 år f. Kr. skifte stoda. Romarriket fekk ny keisar då Octavian vann på floten til Antonius og Cleopatra ved Actium.

Octavian skifte namn til Augustus. Og Cleopatra og Antonius tok seg sjølve av dage stutt tid etter det tapte slaget. Keisar Augustus er godt kjend frå joleevangeliet.

Til side 6



Massada ligg i heimlandet til Herodes. Her let han byggja ei festning med tvo stasborger til seg sjølv. Seinare vart Massada kjent for massesjølvmordi til dei kringsette jødane, som hadde reist seg mot romarane.

No laut Herodes gjera ei diplomatisk kuvending, og han freista snøgt å verta næraste sambandsvenen til Augustus. Styrken til Herodes var tiltaksevna hans, lydnaden og dessutan knefallet hans for den gresk-hellenske stilen som serkjende Romarriket. Keisar Augustus rekna Herodes for eit godt vern mot den «brysame» jødiske trudomsfanatismen som han tykte var ei plaga.

Men ytre sigrar førde ikkje til liknande vinstar heime hjå Herodes sjølv. Den vene Mariamne brydde seg aldri noko um mannen sin, som ho vanvyrde av di han kom frå ringare kår enn ho. Det vert sagt at ho skulde skrika av kvalme når Herodes klemde henne.

Me veit ikkje mykje um korleis Herodes såg ut. Berre at han kanskje farga håret - det segjer i alle fall ei av dei nedsetjande sogone som ein av sønene fortalde folk, han vilde gjera far sin til lått.

Drap kona si

Enden på ekteskapet vart at Herodes fekk Mariamne drepi i ein rykk av svartsykja i året 29 f. Kr. Då hadde han året fyreåt drepe vermor si, ho prøvde skubba han frå kongstruna då han låg sjuk.

Denne blodflekka valdsherren frå joleevangeliet kom aldri yver saknaden etter Mariamne. Mykje lettare var det for han å avliva den nye mannen som syster hans gifte seg med; han hadde samarbeidt med motmennene til Herodes. Den fyrste mannen til syster hans vart teken av dage for ei mindre synd enn dette. Systeri hadde gode grunnar til ikkje å elska Herodes.

Byggherren Herodes

Kong Herodes søkte på mange måtar å kjøpa seg tilslutnad millom jødane. M.a. med å byggja storfelde byar og reisa drustelege minnesmerke. I sitt eige land Idumea reiste han æreminne for dei gamle patriarkane. Det var serleg Abraham som hadde eit stort rom i hjarta hans. Abraham var rekna for ættefar til idumeara, for arabarar likso vel som for jødar.

Med di han vilde «gjeva keisaren det som høyrer keisaren til», grunnlagde han



Klagemuren er det einaste som er att etter det praktfulle templet til Herodes.

Actium - leikane til minne um sigeren som Augustus vann yver Antonius ved Actium. Idrottsbyggverket med tevlingsbane, sirkus og arena til gladiatorar vart lagt noko utanfor Jerusalem, for jødar flest argast for denne *helléniseringi* som dei meinte var ugudeleg.

Actiumleikane gjorde Herodes difor godt umtykt millom romarar, men ikkje millom jødar. Nokre jødar freista myrda han, med bakgrunn i dei ugudelege leikane. Men sniktenestemennene til Herodes fann dei samansvorne, og dei døydde martyrdauden.

Ein jødisk folkehop fekk tak i han som hadde meldt frå til tenestemennene, og hopen reiv honom sund. Herodes hemna denne illgjerningi, han fekk som alltid det siste bloduge ordet.

Nord i landet øste Herodes upp jødane då han bygde den greskmerkte hamnebyen Cæsaréa. Noko lengre sud bygde han bykjernen i Samaria i gresk stil, og han kalla den nye byen Sebastos. Ikkje nø[g] med at han reiste byen i Samaria, der fo[l]ket ikkje var jødar, men han bygde der eit tempel for Roma og Augustus attpå. Som han samstundes gifte seg med ei samaritankvinna, fekk han eit umåteleg lågt umdøme hjå jødane.

Herodes skyna at uppreisten mot han kunde koma frå alle kantar. Difor bygde han den eine festningi etter den andre. På slutten låg festningane so tett at det let seg gjera å senda bod millom dei. Ei av desse borgene, den namngjetne Massada, hadde ikkje mindre enn tvo slott til Herodes og husfolket hans. I Herodium nær Betlehem fekk han seg like eins ei staseleg høgtliggjande borg.

I fotefari til Salomon

Romarane hjelpte Herodes til å leggja ei stor landevidd under jøderiket. For fyrs[t] gong sidan Salomons dagar nådde riket «frå Dan til Beersheba». Det einaste som vanta var eit tempel like storlagt som Salomons tempel. Templet til Salomon vart lagt i grus i 586 f. Kr. då babylonarar under Nebukadnesar flytta dei jødiske åndelege leidarane til Babylon.

Herodes åtte store private eigedomar og rikdomar, og han var ikkje sein um å yta store gåvor i tider med turk og hungersnaud. No vilde han gjeva jødane den største gåva so langt - eit tempel endå staselegare enn Salomon-templet.

Herodes bygde eit umåteleg praktfullt tempel i gresk stil yver den steinen der David i si tid bygde Herren eit altar, då han

Til side 7

grunnlagde Jerusalem. Denne steinen er kanskje jamvel den same som offersteinen der Abraham fordom vilde ofra son sin. Steinen finst enno i bergmoskéen.

Templet stod fullført fåe år fyrr Herodes døydde. Då Jesu læresveinar såg templet, sa dei: «Meister, sjå for steinar og for bygningar!»

Templet gav i grunnen Herodes noko av den tilslutnaden han alltid hadde ynskt seg.

No er berre Klagemuren att etter dette skinande byggverket, som vart nedbrote i året 70 e. Kr. Då vart jødane drivne ut or landet og spreidde for all verdi.

Heller svin enn son

I det lange livet sitt hadde Herodes ikkje mindre enn ti konor - nokre av dei hadde han samstundes. Sønene hans striddest um kven som skulde taka yver makti etter faren. Dei baktala og rådslo, både imot faren og imot kvarandre, godt studde av dei ulike mødrene sine.

Sistpå vart Herodes so gamal at han miste umdømingsevna (han kom kanskje i eit tilstand med senil demens - alderdomsvanvit). Gong på gong vende han seg til keisar Augustus med tale um snikråder. Augustus trøyttest meir og meir av dette. - Eg vil heller vera svinet til Herodes enn sonen, skal Augustus ein gong ha sagt. For jødane slaktar ikkje svin!

Derimot drap Herodes sønene sine. Atter og atter vart tenestefolk pinte og tvinga til å upplysa um mordtankar mot Herodes. Tvo av sønene hans med Mariamne, som han lika best, skulde erva riket etter han. Men han let dei strupa etter han fekk mistanke um at dei hadde vore honom utrugne.

Voni um Messias

Den fyrstefødde sonen til Herodes var det som no skulde erva kongsmakti. Samstundes var mange jødar misnøgde med at Herodes hadde lagt på dei å sverja eid til Augustus. Fleire og fleire vona at ein Messias skulde koma, men Herodes meinte at han sjølv var messias.

Ved den tidi då Jesus vart fødd, gjorde jødane uppreist. Leidande farisearar stod i brodden for uppreisten. Dropen som fekk staupet til å renna yver, var at Herodes hadde fest ei gylt ørn (romarmerket) yver tempeldøri.

Farisearane sa at sjukdomen til Herodes var refsing for tilferdi med ørni. Ørni vart nedrivi og knust. Etterpå fekk Herodes fanga 40 uppreistmenn og farisearleidarane deira, og dei vart førde i lekkjor til Jeriko. Sjølv fekk Herodes mennene sine til å bera seg i sjukesengi til Jeriko, so han med eigne augo kunde sjå uppreistmennene då dei vart brende levande på bålet.

No låg Herodes på det siste. Lenge hadde han vore åreforkalka, og han var både kroppsleg og åndeleg medknekt. Han leid mykje og visste at han skulde døy.

Siste bloddåden

Da faren låg for dauden, kjende eldste sonen, Antipatros, seg endeleg trygg. Han hadde vore mistenkt for at han vilde drepa Herodes. Men brått reiste Herodes seg upp på den eine olbogen og stunde fram bloddomen yver son sin. Og hermennene drap so Antipatros på staden.

Dette var siste daudedomen. At Herodes nokon gong skal ha høyrt um ein nyfødd timbermannsson som heitte Jesus, reknar dei for heilt utenkjeleg.

Ei årstinging på Vestmannen er kanskje ei høveleg gåve?

Tvangsdrepne kommunar

Sterke krefter hev eggja til kommunesamanslåingar etter krigen. Mange herad hev vorte utstrokne. Kommunetalet er etter sentrale maktbod nedskore til 439. So seint som i 1991 vart kommunar utstrokne - mot fleirtalsviljen i dei same kommunane. I grunngjevingane er det jamnast tale um at stor-kommunane er rimelegare i drift, at dei er meir velsmurde og meir velstyrde, og at Noreg lyt fylgja umverdi.

I røyndi vert storkommunane korkje rimelegare eller meir lettrodde. Tvert um. Dei vert dyrare, tregare og meir tungrodde. Og di større dei vert, di mindre fær kvar som bur der å segja. Dette ligg upp i dagen. Og umverdi utanfor Noreg er langt ifrå eintydeleg. Sjå no på Færøyane. Berre på Suduroy med eit folketal på rundt 6000 (talet ikkje årsnytt) er det 7 kommunar. Flateviddi på denne sudlegaste øyi på Færøyane er 166 rutekilometer - godt under flateviddi i jamvel eit heller lite norsk herad. Eller sjå på Frankrike. Det franske kommunetalet er so stort at sume nordmenn nok laut undrast då dei høyrde um det i reportasjane frå siste franske val. Og i Vest-Tyskland (1987) med 249 000 rutekilometer var det 8500 kommunar. Mot Noreg med ei flatevidd på 324 000 rutekilometer og 439 kommunar. I den nordtyske sambandsstaten Slesvik-Holstein er folketalet kring 2,6 millionar, landeviddi 15 527 rutekilometer, avstandane er stutte, her er rikeleg med gode vegar og lett og ferdast, landet er å rekna for pannekakeflatt, mindre enn eit millomstort norsk fylke - og berre i Slesvik åleine er det 344 kommunar. (Tal-upplysningane frå Norsk Allkunnebok, Tatsachen über Deutschland 1987, Nordfriesisches Jahrbuch 1987, pressemeldingar frå Færøyane 1991).

Det skal leggjast til at kommunar og kommunar *treng* ikkje alltid vera plent det same, same um einingsnamnet er det. Uppgåvone under einingi kann skifta noko. Men det er gale, mildt sagt, å hevda at norsk kommunesambøling, påtvinga med makt imot folkemeiningi, er ei naturleg og påkravd fylgd av ei ålmenn og samfolkeleg «utvikling».

Det langtøygde og sundkløyvde Noreg hev dårleg samferdselsnett, ikkje minst for skuld sjølve landsskapet. Fråstand frå utkant til midstad er ofte store og tungvinte i nye storkommunar. Dei gamle og smærre kommunane var gjerne naturlegare einingar, betre og lettare ihop-knytte.

Nyst vart det fastslege på granskarhald det folk flest hev visst lenge - at store kommunar er meir dyrdrivne, seigvorne og topptunge enn små. So slepp me kanskje høyra oftare at ei gåtefull «naturleg utvikling» t.d. krev at ein by skal gløypa landkommunane kring seg av di byen treng *livsrom*? Kvifor ikkje segja at landkommunane treng det romet dei hev for å halda seg i live?

Jarl

Or «Tuftekallen»

Jól

Av Eigil Lehmann

Jólamót kunnu me kalla dette møtid várt i Vestmannalagæ. Med sovordid sagt er dad ténlegt ad taka ei umskoding pá ordid sjølvt. I Nynorsk etymologisk ordbok av Alf Torp er detta ad finna: Jol f (paa Østl og nord i landet jul, gamaln jól n pl (inkjekyn fleirtal), sv., d. jul. Til detta er ad segja at dad gamalnorske inkjekyns-fleirtalid er lívs livandi í dag sum er, dad heitir «ti jóla, med jóla, jólatré», alt detta er fleirtalsformir, «gott jól» er ei tilsvarandi eintalsform, sum eg meiner eg hevir i minni. «God jól» er gamalnorsk inkikyns fleirtal. Dad er dá ingin grunn til ad setja ordid upp pá annad vís no heldur.

At formæ «jól» nó er sett i skammkránæ av fíendsmaktæ sum hersetur landid várt - dan dansk-talandi okkupasjónsmaktæ - só jamvel vossingar og hardingar skemmast med ad setja dad pá skrift, dad er só alltfor vél kennt. Dad fellur inn í ei álmenn forfylging tá norrøni jó-ord - Denna prydó í norrønt mál. Tenk berri pá detta stevid:

«Det hjalar eit viv onde lie
det heve só vænt eit ljo,
det heve kome i hogjen min
det gjænge dær alli otó.
Det va mi og inkje di
som hjala dær onde li - - - «

«So vænt eit ljo» - nei, nó skal dad heita «lyd», má vita, med dansk y og nordmannsdansk høyrandi d. Ein ham sum spennir bein undan dad norske ordid «ein lyd», ei eining av menneski. Og só leidis heile vegin: ljód, sjó, snjó, ljós - mykid gott at eit ku-tjór stendur attur.

Nei, skjót ikki ettir danskarni, dad er nordmenn sum fremja detta herverkid. Han var bádi sannsynt og framsynt dar, Per Sivle. Dei norsku leigasveinarni greida herverkid só gott sum nokun. Men lat nó detta liggja - «enno er ´kje siste skeidet fare, enno er ´kje siste ordet sagt».

* * *

Um upphavid til ordid «jól « kann ymist segjast, bádi vist og úvist. Men hjá oss er dá ordid úløysandi knytt til jólabodskapin frá Betlehems-engjó. Som han var uppskrivin pá græskt mál dad fyrsta:

Egéneto de en tais hèmérais ekeínais exèlthen dogma para kaisaros Augoústou apográphesthai pasan tèn oikouménèn .

Og pá heimamálid várt frá dad fyrsta: Men dat bar til i hine Dagar, at dar kom Bodord fraa Keisar Augustus, at dar i heile Verdi skulde ritast Manntal.

* * *

Um innhaldid i jóla-ordæ fekk eg ein gong fyri meg ad setja upp eit vers pá tysk, só ljódandi:

Es ist uns was gutes geschehen,
es ist was schönes gesagt;
wir können es nicht verstehen
doch hat´s eine seltsame Macht.
Es greift uns so tief im Sinne,
es macht uns im Herz so froh;
es hat seine eigene Wahrheit -
wir wissen es nicht, von wo -.

Pá várt mál:

Dad er nokod gott sum er hent oss,
dad er nokod gott til oss sagt;
mid fata dad inki, men endá
dad hevir ei undarleg makt.
Dad grípur só djúpt dar inni,
dad gerir vár hug só glad;
dad hevir sin eigin sannleik
med bod frá ein úkend stad.

Jólabodskapin er só undarleg draum-vordin, só pá sidó tá vanleg sogu-segn; men han hevir ei røyndómsmakt med seg, sum yvirstígur all soga. Dad kann líknast med eit kærleiksbrév sum talar um allt annad, um blómar og sól og er veit ikki hvad, men vil bera fram dann vegin dad sum er røyndæ. Dad spyrst um ikki detta er fyrimálid med all soga og hending, at dad er ætlad til bílæti pá nokod heilt annad - som tyskin segir «das ganz Andere». «Ovan or Høgdom», segir Ivar Aasen. - Men sum er slik, at ettir d´er fatad, er ikki livid meira hvad dad var, og kann aldri meira verta dad. Sum d´er skrivid ein annan stad: «Sjá, eg gerir alli ting nyi».

Gód jól dá, vestmenn. D´er meir enn eit ynski.

Helsing Tuftekallen

mål og makt

* Mål og Makt er tidsskriftet til Studentmållaget i Oslo
* Mål og Makt er det leiande målteoretiske tidsskriftet i målrørsla
* Mål og Makt kjem med 4 nummer i året, ei årstinging kostar 70,- kr
* Mål og Makt nr. 3/1991 har kome. Les om:
Om normering av nynorsk skriftspråk av Johannes Gjerdåker
Offentleg målstyring av Jostein Krokvik
Målføra og nynorsken - programmet til NMU frå landsmøtet -91
Framlegg til rettskrivingsbrigde frå NMU

- -

☐ Send meg M&M nr. 3-4/1990 **Tradisjonar i sogeskrivinga** for 20,- kr
☐ Send meg M&M nr. 1/1991 **Det nasjonale spørsmålet** for 20,- kr
☐ Send meg M&M nr. 2/1991 **Den nynorske ålmenta og dei nynorske avisene** for 20,- kr
☐ Send meg M&M nr. 3/1991 **Nynorsknormalen** for 20,- kr
☐ Eg tingar M&M i 1991 for 70,- kr og får ettersendt nr. 1 - 3/91
☐ Ikkje send meg tidsskriftet dykkar!!!!!!!

NAMN:______________________

ADRESSE:______________________

POSTNR:________ STAD:______________

Send til: Mål og Makt, Nordahl Bruns gt. 22, 0165 OSLO

Heste-hovudet

Av Arne Horge

Han skriv seg «Edgar Louis Gustafsen» når han ein sjeldan gong lyt feste namnet sitt på papir. Etternamnet har han etter far sin, han Gustaf i Strupen.

«Strupen», det er ein gamal husmanns-plass på ein god jordbete millom tvo skrinne berghamrar som skollar ut i dal-sida høgt ovanfyre grendi der eg bur. Uredalsåi kjem gjenom Strupen, um våren med bulder og brak, elles har det nok i alle måtar vore audleg der uppe, men no er det kome ein skogsbilveg beint nedunder plassen. Det er difor Strupen ikkje er fråflutt. Og der bur han åleine han Edgard Strupen, me nemner honom soleis, for «Gustafsen» det høyrer liksom ikkje heime uppe under hamrane det. Han Edgard har ikkje noko fast å gjera, han har diktarløn han, og det er rett at han er ein stor ljugarhund, og dette med diktarløn lyg han, for det er uføretrygd han har. Bolkevis er han nede på garden og gjer sumt som ingen andre vil taka seg til med, for då kan han ståka på som han lystar, men mykje god mat set han pris på, og fortelja dei villaste sogone lyt han få gjera.

Var det ein blank fyresumarsdag eg stod og skoda ut dalopet. Hunden hadde eg lagt ved føtene mine, og eg tenkte at soleis vore det um å gjera å stande på sin eigen tram, rak og kaut med ein lydug hund ved føtene når det kom framandt storfolk til gards. Men var det storfolk eg såg, nei, ikkje so mykje som ein skarve statstenestemann med for høg løn var det, det var han Edgard i Strupen som kom med lange steg ovantil hamni dit eg hadde sendt han for å spenna utyver hestelortar frå i fjor. Han hadde eitkvart grått med seg under armen. Eg akta ikkje meir på hunden og gjekk honom til møtes, det var ikkje matkvild enno!

«Sjå her!» skreik han. «Det er eit hestehovud! Det har tenner i ovakjeften! Det er ikkje elg!»

Han var uppøst og kom mot meg med hesteskallen høgt framfyre seg på strake armar den siste stubben. Eg gløymde at det var midt i øykti. Dei tome augneholone stirde svart på meg, grinande tenner, grønmyglut grått bein. Me vart som born og kom ikkje noko anna i hug og la hestehovudet ned i graset og saumfor det

Egil Skallagrimsson hev reist nidstong mot Eirik Blodøks. Etter foto av ei kjend tekning av Karl Eirik Harr.

og såg at alle tennene fylgde med og at det ikkje var kulehol i panna. Hesten hadde ein gong sjølvdauda! Ein bodskap um ei heskjeleg hending langt attende i gløymde år låg beinberr i graset fyre augo våtre. Han Edgard vart grueleg ålvorleg: «So stemmer det som han Cederstrøm sa ved "n far, at det låg ihelfrosne svenskar med hestane sine her i bygdelagi,» mælte han og sette augo i meg.

Fyrr me visste ordet av det var kjeringi ute på trammen og ropte oss inn til dugurds, og ho laut finne seg i å vera åhøyrar for oss båe. Han Edgard for sin del fortalde at han var trøytt av å spenne sund gamle hestelortar. I staden gav han seg til å pela blomar. Han laut vera ein lakafant um han ikkje tok med seg blomar åt ei sovori gasta matmor som kjeringi mi, sa han. Han vilde gjeva henne ein ørliten bundel som ho ikkje nokon gong hadde sétt maken til, myrfiolar og gaukesyror med purpurraude åror i krunbladi, det skulde taka seg godt ut i eit eggeglas, meinte han. Uppetter bekken var det myrfiolar, og i den gistne åreskogen ved utgarden var det kvitt av gaukesyror. So barst det ikkje likare til enn at han laut løysa broki uppe i åreskogen og grov ved det høvet til seg eit par nevar med rein grøn mose. Då fann han hestehovudet! «So no ligg blomebundelen din attegløymd ved sida av ein rjukande fersk mannelort. Men me veit ogso at det er sant som Cederstrøm sa um svenskane og hestane. Han Cederstrøm var forresten frå Båhuslen han med, og kom hit til landet som steinhoggar i lag med han bestefar. Han døydde då han far var smågut,» fortalde han Edgard. Han tok dugeleg med rosinor i havregrauten, og me hadde aldri tidlegare høyrt um steinhoggaren Cederstrøm.

Eg for min del fortalde korleis Edgard kom mot meg med hestehovudet høgt yver sin eigen skalle. Han likna ikkje lite på skulpturen av Egil Skallagrimsson som reiser eit hestehovud til nidstong mot kong Eirik Blodøks. Eg nemnde at skulp-turen var laga av Gustav Vigeland, og han Edgard var smilande nøgd med denne samanlikningi. Han hadde høyrt gjeti Egil Skallagrimsson og Eirik Blodøks, men al-dri Gustav Vigeland.

Til sist styrde ho seg ikkje kjeringi hel-ler, ho sletta seg burti glaset og kika på hestehovudet ute på gras-bakkjen. Henne minte det um eit heste-hovud ho nyleg hadde sétt i Samtids-muséet i Oslo, fortalde ho. Det var gjort utav polyester og var måla blodraudt og var sett på ei høg stytte. «Nidstong mot kapitalismen» av Øyvind Åstein. Heste-hovudet strekkjer seg fram, sett høgt upp i romet, raudt med ein hissig dåm, øyro ligg attyver. Blod levrar seg i andletet. Hesten er vill i augo, redd, men ikkje berre redd, for villskapen kan koma til å trø menneskje under fot, hestelepane er vrengde upp og syner lange

Til side 10

Frå side 9

kvite tenner, og standande er hovudet kløyvt i tre etter langen og sett skakt i hop, det er eit sundlema hovud, daudt, og dimed er det endå meir skræmeleg at det lever.

Han Edgard gatte ingenting. Det var ikkje rom åt honom i det kjeringi fortalde. I djupe tankar drakk han kaffien sin. Han hadde kome på at han laut åt kræmaren, sa han, han hadde ikkje meir hjortetakksalt uppe i Strupen, so dert vart ikkje fleire hestelortar på honom i dag, og han var gjevandes og sa at eg kunde få hava heile hestehovudet som mitt eige. - Me smilte åt kvarandre, kjeringi og eg, då han takka for seg og fór, no skulde han på bygdi og fortelja.

Men «Cederstrøm», gruna kjeringi, «kvar hadde han det namnet ifrå?» Ein tankje slo ned i meg. Eg var etter allkunneboki og leitte upp: «Gustaf Olof Cederstrøm (1845-1933), svensk målar og friherre, det mest kjende biletet hans syner Carl 12. som av soldatane sine vert frakta lik heim yver norske fjell.» No hugste eg biletet frå skuledagane, eg hadde sétt det i sogeboki av Bernhard Stokke, og i sogetimane då hadde sjølvsagt Edgard fylgt med. Og seinare ein gong, du gode lesar, skal eg fortelja den heile og fulle sanningi um hestehovudet slik ho etter kvart har kome for ein dag.

KJØP
BOKREIDINGSLAGS-
BØKENE!

Nytt frå Olav H. Hauge

Olav H. Hauge:
Frå Rimbaud til Celan
Nye dikt i umsetjing
Samlaget/Bokklubbens
Lyrikkvenner 1991

Olav H. Hauge er fødd i 1908 i Ulvik i Hardanger, fortel uppslagsbøkene. Han er soleis 83 år eller derikring. Men det er ingi aldersgrensa for dikting. Fyrste diktsamlingi hans kom i 1946, «Glør i oska». Sidan hev det vorte mange, både eigne dikt og umsette - mest eigne. Fyrste boki rekna dei for sers lovande, og alle lovnader er meir enn innfridde. Hauge hev vorte framimot ei legende i levande live, ikkje berre diktarleg godkjend, men rosa, granska, ovundra, tiljubla og hylla. Dertil vert han *lesen*. Og det er ikkje kvardags-røynsla for alle skaldar. Slik er det ikkje uventa at dei siste umsette dikti hans kjem i utgåva for Bokklubbens Lyrikkvenner.

Eit lite ord um diktarmålet til Hauge. Trass i alle straumkvervlar og vindkast kring seg hev han alltid skrive klassisk norsk. Han hev stade fast. Stød som eit fjell. Og diktarleg hev han ikkje tapt på det. Det sterke, norskrøtte målet gjev ei serleg tyngd og kraft til dikti.

Alle dei diktarane Hauge hev valt seg ut denne gongen, hev han arbeidt med tidlegare, so langt eg ser. Bak i boki er det sett upp nokre små diktarbiografiar, knappe men fine. Desse diktarane er med: Arthur Rimbaud (1854-1891), Carl Sandburg (1878-1967, svenskætta ameri-kansk lyrikar), D. H. Lawrence (1885-1930), Georg Trakl (1886-1914, austerikar), Bertold Brecht (1896-1956, den verdskjende tyske diktaren og dramatikaren), Robinson Jeffers (1887-1962, amerikanar), Robert Bly (1926-, norskætta amerikanar), Paul Celan (1920-1970, jødiskætta, fødd i Romania, budde i Frankrike, skreiv på tysk).

Fleire enn eg hev eit tildrag til å knyta dei umsette dikti frå Olav H. Hauge til hans eigi dikting. Um Hauge kjenner serskild skyldskap til dei dikti han vel ut til umsetjing, veit eg ikkje. I alle fall set han sin umiskjennelege stempel på dikti. Eg hev vanskar med å lesa det umsette «Gartnaren rettleider» av Bertold Brecht utan å binda det mest beinveges til diktaren i Ulvik:

Hagen min lærer meg -
dette vesle riket av bed og rabattar
at endåtil den edle rosa frå Milet
som veks for sterkt treng skjering
skal ho trivast. Ho lyt òg finna seg i
at kål og løk og alle slag grønsaker
av lægre avstamming, men heller
nyttige,
fær vatn ved sida av.
Hagen vilde forkomast tenkte ein
berre på den kongelege rosa.

Robinson Jeffers såg myrkt på framtidi for sivilisasjonen og menneskja. Han bygde seg eit tårn på kysten av California med utsyn yver Stillehavet, vert det fortalt i merknadene. I hans «Råd til pilgrimar» heiter det:

Gå på aude strender og hald deg undan
folk, berg og bylgjor er gode profetar,
vise er vengene til måsen, doggfrisk
songen hans.

Lagnaden til jødane i andre verdskrigen merkte Paul Celan. Hauge segjer at han er ein vanskeleg diktar, som vart meir og meir fåordig og kryptisk; ja, det er vel ugjerleg å setja um dikti hans, dei må lesast på tysk. Segjer han. Kor som er,

Til side 11

EG **FOR MEG OG DEG!**

EG er meldingsbladet til Norsk Målungdom. I EG finn du artiklar om grunnlaget for målreisinga, norsk mål, dialektane og nynorsken og mykje organisasjonsstoff. Alle som vil fylgja med i kva som hender i fremste rekkja i målstriden bør tinga EG. EG vert av mange sett på som det viktugaste målpolitiske tidsskriftet i Noreg.

Ting EG du òg! *For 100 kroner i året får du seks nummer av EG i postkassa! Nytt slippen nedanfor, eller sett pengane beinveges inn på postgirokonto nummer 0823 0943010, og merk giroen "bladpengar".*

EG vil tinga EG!
Namn:.....
Adresse:.....
.....Nr./stad:.....
Underskrift:.....
SEND TIL: Norsk Målungdom, Nordahl Bruns gate 22, 0165 OSLO, Tlf.: 02-364043

Målstrid i Finnmark

Finnmarkingen Oddvar Støme, fødd i Kiberg, hev hausten 1991 sett i gang og halde ved lag frisk målstrid i store nordnorske avisor - som Nordlys, Finnmarken, Framtid i Nord og Sagat. Hovudbodskapen til Støme er at finnmarkingane skal kasta ut bokmålet og gjera nynorsk til hovudmål i finnmarksskulen. Motinnleggi hev vore kvasse. Men Oddvar Støme, som òg hev tala saki til fåtalskulturane i Finnmark - samisk kvensk og finsk - hev på ingen måte vorte svarlaus. I Sagat 23/10 gjev t.d. Støme i klårtekst svar på tiltale: *eg er i alle fall luta lei av maset frå bokmålsgjengen som har plaga oss på skulen og held fram med det i vaksen alder og.*

Frå norskmålssynsstad er det ingen tvil um at målstriden i Finnmark hev vore til gagn. Det er er diverre altfor få andre målfolk som fyller spaltene på liknande vis, skriv Oddmund Hoel i NMU. Men han legg til at dette er det råd å gjera noko med.

Jarl

Bjerregaard 200 år

1. janur 1792 vart Henrik Anker Bjerregaard fødd i Ringsaker på Hedmark. Det var han som skreiv «Sønner af Norges det ældgamle Rige» i ei tevling um den beste norske nasjonalsongen.

Hauge hev tidlegare sett um det sterke Celan-diktet «Dødsfuge» på ein slik måte at eg veit ikkje kva som tek sterkast, umsetjingi eller originalen. I denne siste samlingi er det med heile 19 dikt av Celan, og eg tek med eit av dei mest einfelde (?):

ULESANDE er denne
verdi. Alt tvifelt.

Dei sterke uri
gjev den kløyvde timen rett,
håsmælte.

Du, klemd
i ditt inste,
kliv ut av deg sjølv
for alltid.

Det er ikkje snarlesnad desse dikti. Dei krev si tid.

Jostein Krokvik

Nye bøker frå Norsk Bokreidingslag

Andreas Bjørkum og Jarle Bondevik (red.):
DJUP FJORD OG HØG HIMMEL
Festskrift til Anders Ohnstad

Til 80-års dagen åt lokalhistorikaren og forfattaren Anders Ohnstad kom dette forvitnelege utvalet med artiklar, som gjev eit tverrsnitt av den rike og mangslungne forfattarskapen hans.
Utvalet femner um alt frå lokalhistorie til rikssoga, og Anders Ohnstad skriv lett og folkeleg um både Kong Sverre, Per Sivle, William Gladstone og ei rad med andre personar og hendingar med tilknyting til bygdene i Indre Sogn.
Attåt dette innheld boki etterord, bibliografi og helsingslista.
Hefta kr 200,-

Sigurd Sandvik:
SULDALSMÅLET

Det gamle Suldalsmålet var sers rikt på ord og segjemåtar. Og målet kom til å halda seg etter måten godt, saman med tradisjonell levevis og gamle arbeidsmåtar.
Det er ei rik mål- og kultursoga frå heimbygdi forfattaren og skulemannen Sigurd Sandvik gjev oss gjenom denne boki. Attåt mållæra med målprøvor, finn ein ei ordlista med ikring 5.000 sermerkte ord. Kvart ord står med tyding, og er sett inn i setningar med gamle vendingar og hermor.
Hefta kr 150,-

Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset (red.):
SUNNMØRSGRAMMATIKKANE TIL IVAR AASEN
I. Teksband
Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet Nr. 1

Dette er den fyrste samla vitskaplege utgåva av alle utkasti som Ivar Aasen laga til grammatikken yver Sunnmørsmålet, medrekna Eegsæt-utgåva frå 1851.
Utgåvene gjev mange upplysningar um dei ulike målføre på Sunnmøre for 150 år sidan, og dei syner og korleis Aasen gjekk fram i arbeidet sitt med å systematisera målføri og med det leggja grunnlaget for eit nynorsk skriftmål.
Hefta kr 180,-

Jostein Krokvik:
MÅL OG VANMÆLE
- Frå soga um norsk offentleg skriftmål -

Forfattaren og bladmannen Jostein Krokvik kjem her med ei essayistisk debattbok med kritisk gjenomgang av offentleg norsk rettskrivingspolitikk frå Ivar Aasens tid til i dag.

Krokvik skriv med engasjement og stor kunnskap um dette sernorske emnet som gjeld stendige statlege inngrep og endringar i "gjeldande rettskriving". Mangt kjem fram som nok var ukjent for dei fleste, og boki vil vera av stor interesse for folk som er upptekne av nyare norsk målsoga, og som vil taka lærdom av dei mange missteg i samband med skrivemålsendringane her til lands.
Hefta kr 160,-

Norsk Bokreidingslag
Boks 2672 - 5026 Bergen-Møhlenpris

God og rimeleg mat
får du på
Kaffistova til Ervingen
Torgegaarden, Strandkaien 2, 5000 Bergen

MARØY LARS BJARNE
ELISMARKEN 14
5034 YTRE LAKSEVÅG
ANTALL EKS 1

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
6143 Fiskåbygd

ISSN 0800-8647

Bladstyrarar lagar kryssord

I ein samtale med med Berit Ytrehus i Dag og Tid nr. 45/1991 fortel Asgeir Olden at han hev laga nynorske kryssord fast til denne avisa i mange år. Han lagar og kryssord til Sunnmørsposten. I alt 300 kryssord hev han levert til Dag og Tid, der han tidlegare var bladstyrar. Han styrer no Nynorsk Pressekontor. Kvart kryssord er nysprotte, fortel Olden, for han *likar* å laga kryssord, og då er det ikkje moro å kopiera seg sjølv. Løysingi på kryssordi hans ligg i kjennskap til norsk språk, hevdar han, men dertil må fantasien takast til hjelp. Kryssordi hev han levert punktleg til kvart einaste bladnummer, og av den grunn tek han aldri ferie frå kryssordi, han må aldri verta sjuk, og han hev alltid med seg krysssordveska med ordbøker og rutepapir. Den stygge skræmsla er at det skal koma feil i eit kryssord.

Ein annan som i mange år hev laga nynorske kryssord, er Johannes Farestveit, tidlegare bladstyrar i Norsk Barneblad. Der i bladet fekk kryssordet til Farestveit ein urikkande og trygg plass, både medan han sjølv var bladstyrar og etterpå. Den store målgivnaden til Johannes Farestveit hev ingen drege i tvil, og det er ukjent at nokon nokosinne hev greidt å uppdaga ei villfaring i kryssordi hans. Kryssordi i Norsk Barneblad er tiljenka for born, men Farestveit er òg i stand til å laga kryssord med stor vanskegrad for vaksne.

Jarl

Danske trykkfeil

Saksa frå Hugin & Munin i Vårt Land:

«Det er kommet en arg reaksjon fra Trondheim i anledning av at bilaget slapp gjennom en artikkel fra Norpress om Stortingets stenografkurs og den rettferdige harme skyldes denne setningen: «De 18 er plukket ut blant 68 skarpskodde søkere med topp artiumskarakterer i norsk og nynorsk.»

Alle ser straks sammenhengen, og vi synes forøvrig at målfolket burde gjenoppta sin gamle betegnelse norsk-dansk på bokmålet. Det er forøvrig en dansk lærerinne som en gang sa at «nynorsk er jo et språk, bokmål er bare dansk med masser av trykkfeil.»

Garm d.y.:

Slumpetreff

I eit blad som ikkje skal nemngjevast var ein samnorskfarga universitetsmann ute og boltra seg nyleg. Han skal òg sleppa namngjeving. Stykket hans hadde vore «foredrag på humanioria-uka» på Oslo-universitetet. Same kor freistande det kunde vera, skal me ikkje hengja ut heile stykket. Me skal nøgja oss med innleidingi. Ho talar for seg.

På ei grunnfagsfyrelesing kom han til å segja at det er ei «historisk tilfeldighet» at me her i landet talar norsk. Då ein student etterpå freista forklåra fyrelesaren at det han sa var eit «grovt overtramp», var han lite moda på å vedgå dét. Tvert um er han vel enno brennviss på at han hadde rett.

Eit historisk slumpetreff? Mannen er lingvist, og me kann spyrja denne talsmannen for lingvistisk lærdom um det er eit like stort slumpetreff at dei talar japansk i Japan, tysk i Tyskland, tibetansk i Tibet eller færøysk på Færøyane. Kva er i det heile eit slumpetreff? Ja, kva er eit slumpetreff um me tenkjer litt djupare etter? Er det noko meir enn ei hending eller ei ovring som me ikkje nett her og no kjenner årsakene til? Eller meiner lingvisten vår at det er ei hending eller ovring utan årsaker? Slik kan me halda på å spyrja, men same kor lenge me spør, er det tvilsamt um lingvisten hev visleg svar. I minsto finn me ikkje noko yvertydande i det han skriv som peikar i slik leid. Me reknar då med at han ikkje meiner det berre er målet *norsk*, einsleg i verdi, som reint slumpesamt vart til utan årsak og samanheng i det likso slumpesame landet Noreg.

Dette - nok sagt - diskar ein universitetslærd lingvist upp munnleg og skriftleg og meiner at studentar og anna folk skal taka det på ålvor. Han rører umveges ved djupgripande eksistensielle spursmål som ikkje hev noko serskilt med lingvistikk å gjera. Det er so. Han rører òg ve eksistensielle spursmål som det i dag ikkje finst kjent svar på. Det er òg so.

Men historisk slumpetreff? Nei, det er ikkje meir slump som gjorde at dei kom til å tala norsk i Noreg enn at dei kom til tala svensk i Sverike og russisk i Russland. Folkesetnad og framvokster av tungemål hev sjølvsagt historisk samanheng og historiske årsaker. Å tala um historiske slumpetreff i ei historisk årsaksrekkja, er ikkje berre sjølvmotsegjande. Det er dertil mildt sagt tankelaust. Men lat oss her leggja til. Når me og lingvisten talar um *historiske* årsaker til tungemåli - ja, lingvisten hev rett nok historiske *slumpetreff* - so ligg det i seg sjølv på kanten av det lovlege. Me lyt gripa djupare ned. Røtene til tungemåli høyrer helst *forhistoria* til - *fyresoga.*

Din lokale storbank

FOKUS Bank